



Rita Merete Kjenes Hauge
Mykingvegen 761
5913 EIKANGERVÅG

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/19150 - 22/93245

Sakshandsamar:
Svein Arne Vågane
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:
07.12.2022

Tilsegn om tilskot - Hauge i Alver - Gbnr. 29/3 m.fl. Bygging av landbruksveg.

Administrativt vedtak: Saknr:

VEDTAK:

- Med heimel i forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket § 5 som gjeld tilskot til vegbygging gjev Alver kommune med dette tilsegn om inntil kr. 140.000,- til Hauge skogsveg.
- Løyvinga står ved lag i 3 år fram til 31.12.2025.
- **Vilkår:**
- Leiar for veglaget er ansvarleg for at vegen vert bygd etter dei krav som er sett til vegklasse 4 jf. »Normaler for landbruksveier – med byggebeskrivelse».
- Leiar for veglaget pliktar å sjå til at vegen vert vedlikehalden i den stand den opphavelig vert bygd i. For å stette dette kravet skal det liggje føre ein bruk- og vedlikehaldsplan.
- Skogeigar av skogen som ligg til grunn for løyvinga, pliktar å avverke skogen når denne er hogstmoden.
- Alver kommune syner til skoglova § 6 om forynging og stell der det er krav om forynging av skogsareal der skog vert avverka. Skogarealet som vert hogd må såleis vere godtakbar forynging, slik at det vert drive eit uthaldande skogbruk i området.
- Om det er aktuelt for å andre å nytte seg av vegen til skogsdrift for sine eigedomar, skal dei ha rett til å kjøpe seg inn i vegen.
- Det skal liggje føre anbod og normalkontraktar for bygging av landbruksveg som grunnlag for tilskot.
- Avkøyrsløyve til offentleg veg skal vere godkjent av vegeigar til den offentlege vegen og godkjenninga kunne dokumenterast.
- Vegen skal godkjennast før grusing
- Kryssing av bekk i anadrom strekning skal utførast slik at kryssinga ikkje medfører vandringshinder for fisk.

Saka gjeld

Alver kommune syner til søknad av 10.03.2022 som gjeld tilskot til skogsveg «Hauge» i vegklasse 4 – sommarbilveg for tømmerbil med hengar.

VURDERING:

Søkjar har gjeve opp ein kostnad på kr 2.100.000. Vegen er 650m lang. Dette gjev ein kostnad/meter på 3.230 noko som er særst høgt og ein god del over kva som er vanleg kostnad per meter i kommunen.

Eigarar av 8 bruk har stilt seg bak søknaden. Etter at søknad var sendt inn, har kommunen frå anna hald motteke «erklæring vedrørende Kenneth Manger» signert av Rita K. og Svenn Hauge den 18.03.2022. I erklæringa vert det understreka at det ikkje er semje eller aksept om den einskilde eigedom sin seinare del i ein framtidig veg. Signeringa i søknaden gjeld såleis avklaring av omfanget av eit eventuelt tilskot.

Veganlegget løyser ut om lag 1100m³ skog i dag på Bjørn Myhr sin eigedom. Resten av området er i all hovudsak avverka i dag. I framtida kan vegen gje tilkomst til skog aust og nord for Haugskletten.

Alver kommune godkjenner eit tilskot på kr. 140.000 for dette veganlegget med slikt grunnlag: Skogsveganlegg av denne karakter kan få inntil 60% av kostnadane for den del av vegen som gjeld skoginteressar. Vi legg til grunn tilskot 200kr/m³ som er høgaste sats.

$1100\text{m}^3 \text{ skog} \times 200\text{kr}/\text{m}^3 \times 0,60\% = \text{kr } 140.000,-$

Veganlegget er med dette ferdig løyvd.

Veglagsleiar er ansvarleg for at innhaldet i løyvingsskrivet vert gjort kjent for deltakarane i veglaget.

Som grunnlag for vedtaket vert det vist til «Strategi og retningslinjer 2018-2021 for nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) i Lindås kommune då det ikkje ligg føre seinare godkjent NMSK-strategi.

Vi gjer for ordens skuld merksam på at Alver kommune ikkje har mynde til å ta stilling til godkjenning av avkøyrsløse til offentleg veg. Dette lyt vegeigar sjølv syte for å få i orden før utbetaling kan skje.

Vi minner om at kryssing av bekk ikkje må gjerast slik at det vert eit vandringshinder for fisk. Vi syner i så måte til «Slipp fisken fram» utarbeidd av dåverande Miljødirektoratet i 2002. Her finn ein mange praktiske måtar å unngå vandringshinder for fisk vedd vegbygging og bekkekryssing.

Utbetaling:

- Løyvinga står ved lag i 3 år fram til 31.12.2025.
- Leiar av veglaget er ansvarleg for at det vert ført rekneskap for vegarbeidet, sjå rekneskapsinstruks på skjema for rekneskapsamandrag.
- Delar av tilskotet kan betalast ut etter kvart som arbeidet med vegen skrid fram.
- Siste 10% av løyvinga vert ikkje utbetalt før veganlegget er ferdig godkjent.
- Sluttutbetaling vert gjort etter at vegen er endeleg godkjent, og rekneskapskapen er revidert på foreskreven vis.

Regelverk

[sett inn punktliste med kva regelverk som er nytta for vedtaket]

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «20/19150»

Med venleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kenneth Manger	Mykingvegen 771a	5913	Eikangervåg
Rita Merete Kjenes Hauge	Mykingvegen 761	5913	EIKANGERVÅG
Svenn Hauge	Mykingvegen 761	5913	EIKANGERVÅG